



DRIFTS- OG RESSURSANALYSE AV GRUNNSKULEN I TIME - FRAMLEGGING AV RAPPORT

Saksgang:

Utval	Saksnummer	Møtedato
Senior- og Brukarrådet	043/22	14.11.2022
Ungdomsrådet	035/22	15.11.2022
Utval for levekår	051/22	16.11.2022
Time formannskap	082/22	22.11.2022
Time kommunestyre	088/22	13.12.2022

Framlegg til vedtak:

Time kommunestyre tar framlagt rapport etter gjennomført drifts- og ressursanalyse frå Agenda Kaupang AS til orientering.

Senior- og Brukarrådet

Framlegget vart samrøystes vedtatt.

SBR-043/22 Vedtak:

Time kommunestyre tar framlagt rapport etter gjennomført drifts- og ressursanalyse frå Agenda Kaupang AS til orientering.

Ungdomsrådet

Framlegget vart samrøystes vedtatt (8 røyster).

UNG-035/22 Vedtak:

Time kommunestyre tar framlagt rapport etter gjennomført drifts- og ressursanalyse frå Agenda Kaupang AS til orientering.

Utval for levekår

Framlegget vart samrøystes vedtatt.

ULE-051/22 Framlegg:

Time kommunestyre tar framlagt rapport etter gjennomført drifts- og ressursanalyse frå Agenda Kaupang AS til orientering.

Time formannskap

Framlegget frå ULEV vart samrøystes vedtatt.

FSK-082/22 Framlegg:

Time kommunestyre tar framlagt rapport etter gjennomført drifts- og ressursanalyse frå Agenda Kaupang AS til orientering.

Time kommunestyre

Framlegget frå FSK vart samrøystes vedtatt.

KS-088/22 Vedtak:

Time kommunestyre tar framlagt rapport etter gjennomført drifts- og ressursanalyse frå Agenda Kaupang AS til orientering.

DRIFTS- OG RESSURSANALYSE AV GRUNNSKULEN I TIME - FRAMLEGGING AV RAPPORT

SAKA GJELD

Grunnskulen i Time hadde i 2021 eit meirforbruk på 7,7 millionar. Det har i tillegg blitt uttrykt over lengre tid frå skuleleiinga at det er store utfordringar knytt til å halda tildelt budsjett. Kommunedirektøren ba med bakgrunn i dette i sak FSK – 008/22 om løyve for å bruke inntil kr 500 000,- for å hente inn ekstern bistand til å gjennomføre drifts- og ressursanalyse av Timeskulen.

FSK-008/22 Vedtak:

1. *Det vert gjennomført ein drifts- og ressursanalyse av grunnskulesektoren i Time kommune.*
2. *Kostnader ved analysen vert dekkja av disposisjonsfondet med inntil 500 000 kroner.*

Etter ein forenkla anbudsprosess vart Agenda Kaupang AS vald som ekstern partner for gjennomføring av analysen.

Saka gjer greie for gjennomført prosess og innhald i rapporten, og omtalar vidare korleis administrasjonen vil jobbe med funn og tilrådingar frå Agenda Kaupang.

SAKSOPPLYSNINGAR

Agenda Kaupang starta sitt arbeid i juni 2022. Vurderinga skulle bygge på ei analyse som kan sikre at framtidig organisering og ressursbruk bidreg til å fremje god kvalitet i opplæringa. Analysen skulle i tillegg ta omsyn til føringar som ligg i lov- og avtaleverk og kommunen sine økonomiske rammar.

Agenda Kaupang gjennomførte utredninga i to fasar; Analyse av situasjonen i dag og utredning av forslag til moglege forbetringstiltak.

Oppdraget er avgrensa til grunnskulen i Time, som omfattar undervisning, SFO, lokalitetar og skuleskyss.

I samband med analysen, har Agenda Kaupang gått gjennom aktuelle kommunale planar og styringsdokument, og har i tillegg sett på rekneskap for 2019 – 2021. Det er gjennomført intervju med 15 utvalde personar med utgangspunkt i eigen intervjumal og ut frå funn dei har gjort i kommunen sin dokumentasjon.

Det blei oppretta ei arbeidsgruppe som har vore med for å bidra til kvalitetssikring av analysen og tiltaka.

Gjennomgang av rekneskapen viste at både skulefritidsordning, skulelokala og skuleskyss blir driven billigare per elev enn snittet i kommunegruppa (middels store kommunar med middels inntekter). Hovudfokus i analysen har difor vore på å gå

djupare inn i forhold ved drifta av undervisning for å søka informasjon om moglege årsaker til meirforbruk.

I analysen er faktorane *kvalitet, kostnader og utviklingsarbeid* lagt til grunn for å sjå på situasjonen i dag, og med tanke på forslag til tiltak fram i tid.

Agenda Kaupang har i arbeidet samanlikna grunnskulen i Time med nabo-kommunane Hå, Gjesdal, Klepp og kommunegruppe 7 i KOSTRA. I tillegg er det valt å samanlikna med andre kommunar som Nordre Follo, Rælingen og Øvre Eiker som er i kategorien effektive kommunar.

Rapporten konkluderer mellom anna med at Time har høgt læringsutbytte, god trivsel, god gjennomføring i vidaregåande skole og kompetente lærarar. Dei slår og fast at Time kommune har ein effektivitet i tenesta som er høgare enn snittet i kommunegruppe 7, og antakeleg i Norgeseliten. Kommunen får gode skussmål i samband med eigarskapsstyring. Det vert konkludert med at det har vore jobba godt med samanhengar mellom strategiar og planar, og korleis dette systematisk blir følgt opp i praksis.

Som del av analysen er det sett fokus på den demografiske utviklinga og korleis dette vil påverka elevtalsutviklinga i Time. Agenda Kaupang har lagt til grunn middelprognosen til SSB 2022 som syner at talet på innbyggjarar 6–15 år vil gå ned med 15 % mot år 2035. Etter dette vil tala i målgruppa stiga til dagens nivå i 2050. Dette medfører at det i perioden fram til 2035 vil vera ein nedgang på 400 elevar i grunnskulen. Elevtalet i barneskulen vil gå ned med 300 elevar, medan elevtalet i ungdomsskulen går ned med 100 elevar.

Analysen stadfestar at grunnskulen i Time har knappe økonomiske rammer:

- Samla blir grunnskulen driven 26 millionar kroner billegare enn i samanliknbare kommunar.
- Utgifter til undervisning er 13 millionar kroner lågare enn gjennomsnittet i kommunegruppe 7 (middels store kommunar med middels inntekter).
- Undervisninga blir driven 22 millionar kroner billegare enn skulestrukturen tilseier.
- Det var berre 43 kommunar med lågare kostnad til undervisning per elev.
- Dei billegaste kommunane har større skular enn Time.

Med bakgrunn i analyse og funn slik dei er presentert i rapporten har Agenda Kaupang lagt fram 4 forslag til tiltak som dei meiner kommunen bør vurdere for å sikre føreseielege økonomiske rammer for Timeskulen. Desse er:

1. Tilpassa skulestrukturen til budsjettet

Økonomianalysen viser at Time driv grunnskulen 22 millionar kroner billegare enn skule-strukturen tilseier. Det mest opplagte tiltaket er å endra skulestrukturen, om kommunen ikkje har råd til større skuleutgifter. Agenda Kaupang peiker på Lye ungdomsskule og Hognestad skule som aktuelle i samband med dette tiltaket.

2. Tilpassa budsjettet til skulestrukturen

Økonomianalysen viser at Time driv skulen billeg, og 22 millionar kroner billegare enn skulestrukturen betyr. Budsjettet var 10 millionar kroner lågare enn rekneskapen for 2021. Om kommunen vil behalda skulestrukturen, bør kommunen auka budsjettet til eit meir realistisk nivå.

3. Meir langsiktig budsjettmodell

Undersøkinga viser at Time har ein fagleg forsvarleg, men kortsiktig og detaljert budsjett-modell. Kommunen treng eit betre verktøy for å tilpassa drifta til forventa endring i elevtalet. Rektorane treng òg ein meir langsiktig budsjettmodell.

4. Tettare samarbeid med økonomiavdelinga

Intervjua viser at mange av rektorane er usikre på oppgåva si som budsjett-ansvarlege leiarar. Eit tettare samarbeid med økonomiavdelinga kan gjera stor forskjell. Det gjeld både budsjettmodellen, økonomiopplæringa, bistand ved rapportering og handtering av avvik.

VURDERING

Agenda Kaupang AS har levert ein grundig rapport som gir eit godt bilete av situasjonen i Timeskulen i dag. Rapporten er eit viktig kunnskapsgrunnlag for vidare val, tiltak og oppfølging av sektoren.

Rapporten konkluderer ikkje med eit klart svar på kvifor Timeskulen har eit høgt meirforbruk i 2021. Det vert uttrykt at det er meir nærliggande å sjå meirforbruket i samband med låg tilgang på ressursar for skulesektoren, og at det er vanskeleg å drive skular med så lågt forbruk som det var i 2021.

Rapporten er tydeleg på at det er god kvalitet i skulane og godt skuleeigarskap i Timeskulen: *Summen av dei kvantitative og kvalitative data betyr heilt enkelt at det blir utøvd eit godt skuleeigarskap med gjennomgåande gode resultat i Time kommune. Vidare skjer dette innanfor økonomiske rammer som tydar på særskild effektiv ressursbruk.*

I rapporten skildrar Agenda Kaupang fire tiltak for å kompensere for dei økonomiske avvika som blir påvist i analysen.

Dei to første tiltaka omhandlar val kommunen kan gjera i høve til skulestruktur. Forslag i tiltak ein og to heng saman, der det første handlar om å endre til ein meir økonomisk effektiv skulestruktur, eller alternativ to som handlar om å tilføra meir pengar.

Tiltaket som omhandlar ein meir effektiv skulestruktur er av prinsipiell og strategisk karakter. Dette tiltaket fordrar prosessar som involverer breidt. Agenda Kaupang nyttar SSB sine tal i framskriving av elevtal. Time kommune sin eigen framskriving

viser same biletet, men med noko lågare reduksjon i samla elevtal som følgje av lokal tilpassing. Av skulane som blir omtala i samband med tiltak ein, viser Time kommune si framskriving per i dag at Lye ungdomsskule vil ligge stabilt på eit elevtal på omlag 140 elevar fram mot 2030, medan tilsvarende tal for Hognestad viser ein nedgang mot 50 elevar i 2030.

De to siste tiltaka er av meir administrativ karakter. Kommunedirektøren meiner at begge desse tiltaka, både etablering av ein meir langsiktig budsjettmodell, og å sikra eit tettare system for samarbeid mellom økonomi og skule, bør gjennomførast.

Det har vore viktig for kommunen at rapporten blei utarbeida før arbeid med forslag til økonomiplan 2023-2026 var slutført for å kunna legge inn eventuelle tiltak for 2023.

- Som følge av at kommunedirektøren ikkje vil ta ei vurdering av skulestruktur utan ein breiare prosess og saksgang, er det lagt inn ei styrking av grunnskulen tilsvarende 9,7 millionar kroner i 2023.
- Kommunedirektøren vil styrke bemanning i økonomiavdelinga for å sikre tettare støtte og oppfølging for tenesteområdet.
- Det vil vidare bli vurdert om kommunen skal legge om, eller vidareutvikle tildelingsmodellen for skulane, slik at denne blir meir langsiktig.

Vidare oppfølging og arbeid med forslaga som er presentert i rapporten:

Kunnskapsgrunnlaget som Agenda Kaupang har utarbeidd peikar på demografi- endringar som ei av dei største utfordringane for alle tenesteområda i kommunen framover. Desse vil mellom anna kunne tvinge fram behov for å vurdere ein effektiv skulestruktur.

Kommunedirektøren vil halde fagutval orientert i samband med grep som blir gjort som følge av rapporten.

KONKLUSJON

Kommunedirektøren vurderer at rapporten, og prosessen som er gjennomført i forkant av denne, gir eit solid og godt kunnskapsgrunnlag å arbeida vidare ut frå. Analysen er fagleg forankra og svarar ut bestillinga knytt til ressursbruk, kvalitet og føringar knytt til lov- og avtaleverk.

Kommunedirektøren ber kommunestyret ta rapport etter gjennomført drifts- og ressursanalyse av grunnskulen til orientering.

Kommunedirektøren i Time, den 25.10.2022

Trygve Apeland

Vedlegg:

Time Drifts- og ressursanalyse av grunnskolesektoren - Del 1 og 2

Dette dokumentet er elektronisk godkjent i systemet og krev derfor ikkje signatur